

# REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE

(Jfr. Kommuneleva §§41 og 42)

Sist endra av Vindafjord kommunestyre i møte 28.10.14, sak 084/14.

## KAP. I REISEREGULATIV

### 1. Reiseutgifter

Den som har eit kommunalt tillitsverv får utbetalt skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i samband med vervet etter kommunen sitt reiseregulativ.

## KAP. II GODTGJERSLE FOR VERV

### 1. Ordførar

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 100% i fullt ombod og vert meldt inn i KLP si pensjonsforsikring for tillitsmenn. Ordføraren får ikkje godtgjersle for andre verv.

Ordføraren vert i inneverande valperiode løna som rådmannen eksklusiv åremålstillegg, men dersom løna til rådmannen overstig stortingsrepresentantane, er det den som gjeld. Godtgjersla skal utbetalast kvar måned.

Frå valperioden 2015-2019 skal godtgjersla til ordførar vera kopla mot stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Folkevalde i verv på halv tid eller meir beheld ordinær godtgjersle som folkevald etter at dei har gått ut av folkevald verv:

- I 1 ½ måned dersom vedkomande tek til i ny stilling eller i tidlegare stilling etter valbolken.
- I 3 månader dersom vedkomande ikkje tek til i ny stilling etter valbolken.

### 2. Varaordførar

Varaordføraren si godtgjersle vert sett til 12,5% av ordføraren si godtgjersle og skal utbetalast kvar måned. Varaordføraren får vanleg møtegodtgjersle for møte utover ordinære formannskaps- og kommunestyremøte. Godtgjersla skal utbetalast kvar måned.

### 3. Formannskapet

Formannskapet sine faste medlemmer får ei fast godtgjersle tilsvarande 6% av ordføraren si godtgjersle. Fråver frå meir enn 1/3 av møta i Formannskapet og Kommunestyret fører til reduksjon på 25%. Godtgjersla skal utbetalast kvar måned.

Formannskapet sine faste medlemmer får vanleg møtegodtgjersle for møte utover ordinære formannskaps- og kommunestyremøte.

Varamedlemmer si godtgjersle vert sett til 0,1% av ordføraren si godtgjersle pr. møte.

Varamedlemmer som møter i einskildsaker får godtgjersle som for andre møte, jfr. punkt 7.

### 4. Kommunestyret

Medlemmer av Kommunestyret, eksklusiv Formannskapet, får ei godtgjersle tilsvarande 0,1% av ordføraren si godtgjersle pr. møte.

Varamedlemmer får ei godtgjersle tilsvarande 0,1% av ordføraren si godtgjersle pr. møte.

Varamedlemmer som møter i einskildsaker får godtgjersle som for andre møte, jfr. punkt 7.

### 5. Leiarar

Leiarane i utvala, Rådet for eldre og funksjonshemma, Vilt- og fiskeutvalet og Kontrollutvalet får i tillegg til møtegodtgjersle etter punkt 7 ei fast godtgjersle tilsvarande 3% av ordføraren si godtgjersle. Den faste godtgjersla skal utbetalast kvar måned.

### 6. Gruppeleiarar

Gruppeleiarar får ei fast godtgjersle tilsvarande 1% av ordføraren si godtgjersle.

### 7. Andre møte

Møtegodtgjersle for alle andre møte vert sett til tilsvarende 0,066% av ordføraren si godtgjersle pr. møte for møte under 4 timar og tilsvarende 0,1% av ordføraren si godtgjersle pr. møte for møte over 4 timar. Under dette punktet kjem også dei som vert bedt om å møta. Reise skal inkluderast i medgått tid.

Det vert ikkje berekna feriepengar av godtgjersle motteke med utgangspunkt i punkt 2 – 7.

### 8. Kommunal rapport

Medlemmene i Kommunestyret får abonnement på Kommunal Rapport.

### 9. Godtgjersle ved permisjonar

Blir fast medlem av formannskapet og utvalsleiarne innvilga permisjon av kommunestyret/ ordførar, skal godtgjersle opphøyre i permisjonstida.

Den som trer inn i plassen, skal ha den same godtgjersla som den som er innvilga permisjon.

## KAP. III ERSTATNING FOR TAPT ARBEIDSFORTENESTE

Erstatning for tapt arbeidsforteneste vert etter rekning dekkja slik:

- q Inntil kr 4.000 for dokumentert tap pr. møte/reisedag
- q Inntil kr 650 for udokumentert tap pr. møte/reisedag under 4 timar og inntil kr 1.200 pr. møte/reisedag over 4 timar. Reise skal inkluderast i medgått tid.
- q Erstatning for tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr 500 pr. time.

Utgifter i samband med barnepass, samt funksjonshemma og eldre som har behov for fast tilsyn, vert dekkja med inntil kr 100 pr. time.

Udokumentert tapt arbeidsforteneste, utanom ordinær arbeidstid, kan i særskilde høve godkjennast.

Beløpa kjem i tillegg til ordinær møtegodtgjersle.

## KAP. IV TELEFONGODTGJERSLE

Kr 300 pr. år (samtaletid):

- Formannskapsmedlemmene

Kr 700 pr. år (samtaletid):

- Leiar i Utval for oppvekst og omsorg
- Leiar i Utval for drift, utvikling og kultur
- Leiar i Vilt- og fiskeutvalet
- Leiar i Overformynderiet
- Leiar i Rådet for eldre og funksjonshemma
- Leiar i Kontrollutvalet
- Leiar i Valnemnda

Fri mobiltelefon:

- Ordførar
- Varaordførar

Ved dokumenterte utgifter høgare enn godtgjersla kan det søkjast om å få dette dekkja.

## KAP. V UTBETALING AV GODTGJERSLA

Der ikkje anna er nemnd, skal godtgjersla utbetalast minst 2 gonger i året. Møtegodtgjersla vert utbetalt automatisk ut frå frammøte. Når det gjeld tapt arbeidsforteneste og køyring, sender administrasjonen ut liste som kvar einskild er ansvarleg for å sende inn innan ein tidsfrist.

#### **KAP. VI TOLKINGSSPØRSMÅL**

**Krav som fell vanskeleg å etterkome, skal leggjast fram for formannskapet.**

#### **KAP. VII VERKNADSTIDSPUNKT**

**Reglementet vert gjort gjeldande frå 01.01.2013, bortsett frå pkt. 9 i KAP. II, som vert gjort gjeldande frå 29.10.2014.**